

Til

Vellag i Meland
v/Mabel Johansen

Frekhaug 26.august 2014

Val av ein representant til styret i Meland Frivilligsentral.

Meland Frivilligsentral har hatt eit styre på 5 medlemmer.

Styret var samansett slik:

3 frå kommunen – 2 politikarar og 1 frå administrasjonen i kommunen.

2 vald frå frivillige organisasjonar i Meland.

På Årsmøtet til frivilligsentralen 18.juni 2014 vart det vedteke å utvida styret til 6 medlemmer der frivillige organisasjonar får inn eitt medlem til:

«Vedtak Årsmøtet:

- 1. Frivilligsentralen har eit styre på 6 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen. Leiar har dobbelstemme ved likt stemmetal.**

Styret er slik samansett:

3 frå kommunen – 2 politikarar og 1 frå administrasjonen i kommunen.

3 vald frå frivillige organisasjonar i Meland.

Representantane frå organisasjonane vert vald for 2 år.

- 7. Val av to representantar til styret.**

Valkomiteen si innstilling:

- 1. Ungdomslag**
- 2. Vel-lag / bygdelag**
- 3. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne**
- 4. Meland sokneråd / Meland kyrkjelyd**

Vedtak Årsmøtet:

Valkomiteen si innstilling er godkjend.

1 representant frå ungdomslag og ein representant frå Vel-lag/ bygdelag er vald inn i Meland Frivilligsentral sitt styre.»

Pr i dag har ikkje vel-laga i Meland eit overordna samarbeid.

Styret ber om at du som representant for Frekhaugmarka Vel tek kontakt med ulike vel-lag og blir einig om ein representant og ein vara til styret i Meland Frivilligsentral.

Helsing

Kåre Skibenes
styreleiar

Nina Randal
dagleg leiar.

Vedlegg: Meland Frivilligsentral sine retningslinjer, Handlingsplan 2014